

## PROTOKOLL

### Generalforsamling Nordhordlandspakken AS 26. juni 2018

<b>Stad:</b>	Nordhordland Utviklingsselskap IKS
<b>Tid:</b>	Tysdag 26. juni 2018 kl. 09:00 – 10:30
<b>Møte</b>	1-2018
<b>Til stades:</b>	Hordaland fylkeskommune: Pål Kårbø Nordhordland Utviklingsselskap IKS: Rune Heradstveit Styreleiar: Jon Askeland  Referent Rune Heradstveit (dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS)
<b>Forfall:</b>	Bergen kommune

Saksnr.	Sak
1/18	<b>Godkjenning av aksjar og fullmaktar</b>  <b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga godkjenner dei framlagte fullmaktene. Av selskapet sin aksjekapital er 80 % av aksjane representert.
2/18	<b>Godkjenning av innkallinga til generalforsamling.</b>  <b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga godkjenner innkallinga.
3/18	<b>Val av møteleiar.</b>  <b>Vedtak:</b> Jon Askeland vart valt til møteleiar.
4/18	<b>Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet.</b>  <b>Vedtak:</b> I tillegg til møteleiar vart Pål Kårbø valt til å skriva under protokoll.
5/18	<b>Godkjenning av årsrekneskapen for 2017</b>  <b>Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 4. juni 2018:</b> Styret godkjenner og signerer årsrekneskapen for 2017. Styret gjer framlegg om følgjande vedtak i generalforsamlinga: Generalforsamlinga vedtar framlagt rekneskap 2017 for Nordhordlandspakken AS. Årets underskot, kr 118 787,- vert ført mot annan eigenkapital / udekka krav.  <b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga vedtar framlagt rekneskap 2017 for Nordhordlandspakken AS. Årets underskot, kr 118 787,- vert ført mot annan eigenkapital / udekka krav.
6/18	<b>Årsberetning frå styret 2017</b>  <b>Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 4. juni 2018:</b> Styret godkjenner og signerer årsberetning. Styret gjer framlegg om følgjande vedtak i generalforsamlinga: Generalforsamlinga godkjenner framlagt årsberetning 2017 for Nordhordlandspakken AS.

	<p><b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga godkjenner framlagt årsberetning 2017 for Nordhordlandspakken AS.</p>
7/18	<p><b>Revisors beretning for 2017</b> Vert ettersendt / lagt fram i møtet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga tek revisor sin beretning til etterretning.</p>
8/18	<p><b>Fastsette godtgjersle til styre</b></p> <p><b>Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 4. juni 2018:</b> Styret gjer framlegg om at Generalforsamlinga godkjenner godtgjersla til styret til kr 12 500 til styreleiar, kr 7 500 til nestleiar, kr 5 000 til styremedlem og kr 1 500 pr. møte til varamedlem.</p> <p><b>Vedtak:</b> Som styrehonorar for perioden mellom GF 2017 og GF 2018 vedtar generalforsamlinga følgjande honorar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Leiar kr 12 500</li> <li>▪ Nestleiar kr 7 500</li> <li>▪ Styremedlem kr 5 000</li> <li>▪ Varamedlem kr 1 500 pr. møte</li> </ul> <p>Godtgjersle vert utbetalt som ein eingongssum og avløyser innsending av reiserekningar, krav om møtegodtgjersle og godtgjersle for tapt inntekt.</p>
9/18	<p><b>Fastsette godtgjersle til revisor</b></p> <p><b>Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 4. juni 2018:</b> Styret gjer framlegg om at Generalforsamlinga godkjenner godtgjersla til revisor i samsvar med faktura.</p> <p><b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga godkjenner godtgjersla til revisor i samsvar med faktura.</p>
10/18	<p><b>Avvikling av Nordhordlandspakken AS</b></p> <p><b>Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 4. juni 2018:</b> Styret stiller seg bak forslaget om å avvikla Nordhordlandspakken AS.</p> <p><b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga vedtar at Nordhordlandspakken AS skal oppløysast.</p>
11/18	<p><b>Val av avviklingsstyre</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Generalforsamlinga vel samrøystes Jon Askeland (leiar), May Eva Sandvik (medlem), Pål Kårbø (medlem) til avviklingsstyre. Honorar vert sett til kr 12 500 for leiar og kr 7 500 for medlem.</p>

Knarvik, 26. juni 2018

  
Jon Askeland

  
Pål Kårbø